

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.06.2021

Handsaming i møte

2-dagars møte i kontrollutvalet 21.-22.09.2021:

Kontrollutvalet vart samde om at 2-dagars møte 21. - 22.09.2021 vert lagt til Sogndal kombinert med synfaringar/besøk. Programmet som vart laga til 2-dagars møte i Sogndal som var planlagt til september 2020, men som måtte avlyst grunna korona-pandemien, vert lagt til grunn som eit utgangspunkt.

Det er i møteplanen elles lagt opp til digital politikardag 20.09.2021.

Kommunal økonomisk bærekraft (KØB):

I samband med Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse 01. - 02.06.2021, som m.a. leiar i kontrollutvalet var deltakar på, vart det m.a. fokusert på kommunal økonomisk bærekraft (KØB). Det vert i den samanheng vist til kommunelova § 14-1. Kontrollutvalet vart samde om å be fylkesrådmannen om å komme i eit møte hausten 2021 for å orientere om sitt syn på dette. orienteringa kan t.d. omfatte vedlikehaldsetterslep på veg og bygningar, gjeldsgrad mv. Sekretariatet kjem tilbake med nærare informasjon om stikkord til kva ei slik orientering kan innehalde etter sumarferien.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vart samde om at 2-dagars møte 21. - 22.09.2021 vert lagt eit fysisk møte i Sogndal kombinert med synfaringar/besøk.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å komme i møte 21.09.2021 for å orientere om sitt syn på kommunal økonomisk bærekraft (KØB), jf. kommunelova § 14-1.
3. Sekretariatet kjem tilbake med nærare informasjon om stikkord til kva ei slik orientering kan innehalde etter sumarferien.